
Fra: Janne K Kjersheim <janne.kjersheim@vestnes.kommune.no>
Sendt: 31. august 2016 15:39
Til: Postmottak KUD
Kopi: 'post@musikkorps.no'
Emne: HØRINGSUTTALELSE 18% REGELEN

Kategorier: Grønn kategori

Høringsuttalelse vedrørende Norsk Tippings overskudd øremerket samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner

Generasjonskorpset Tresfjord Janitsjar mottek støtte for bortfall av inntekter frå speleautomater, som Norsk Tipping fekk monopol på i 2002.

Tresfjord Janitsjar er lokalisert i ei bygdekommune i Møre og Romsdal, Vestnes. Vestnes kommune har eit rikt musikkliv, som den kommunale kulturskulen skal ha sin store del av æra for. Det er fleire korps i dei ulike bygdene og inntekter frå tombola, konsertarrangement o .l. i ei kommune med 6500 innbyggjarar er naturleg nok begrensa.

Det lokale næringsliv vert jamnleg forespurtt om å sponse, og gjer det til ein viss grad. Men at korpset skulle kunne satse på privat næringsliv for å få inntekter til å dekke drifta er utopi.

Dersom støtta frå Norsk Tipping sin 18% regel fell bort, vil det få store konsekvenser for oss. Denn støtta utgjer 47% av inntekta vår, og gjer oss i stand til å kunne fornye og kjøpe instrument, løne fast dirigent og ha til honorar til instruktører mht eit ulike instrumentgruppene ved behov. Vi må også då måtte tenke oss godt om mht deltaking i NM Janitsjar, som er ein veldig god motivasjon både for unge og gamle korpsmedlemmer.

Tresfjord Janitsjar har eit utstrakt samarbeid med tilhøyrande skulekorps til felles nytte og glede; og dersom vi ikkje kan fortsette drift som tidlegare vil også skulekorpsa lide under dette.

I høringsnotatet er det nemnt 3 støtteordningar som skal kunne oppvege for bortfall av støtta frå Norsk Tipping

Momskompensasjonsordninga

For oss utgjer denne ordninga ca 5 % av inntektene, og det kjem stadig fleire organisasjoner som gjer krav på desse midlane.

Grasrotandelen

Den aller største biten av denne kaka går til idretten=fotball-lag. Den desidert største mottaker av grasrotandelen i vår kommune er idrettslaget, der fotballen står i høgsetet. Idretten mottek også støtte frå Norsk Tipping til ulike formål. Skal vi alle spele fotball???? F. eks. i 17. mai-toget???

For Tresfjord Janitsjar utgjer grasrotandelen 2% av inntektene.

Frifondmidler

Tresfjord Janitsjar er, som nemnt, eit generasjonskorps, men brorparten av medlemmene er godt vaksne og vi har ikkje 1/3 av medlemmer under 26 år, som er eit krav for å få frifondmidler. I bygdene bur godt voksne, og ungdommane fer ut for å få seg utdanning, mange av dei.

Dvs frifondmidler utgjer 0% av inntekta vår.

Konklusjon

Dersom Tresfjord Janitsjar misser støtta frå Norsk Tipping vil det være dramatisk for oss – og for veldig mange generasjonskorps som vårt. Konklusjonen til Sundvolderklæringen held ikkje mål i det praktiske/daglege korpslivet. Dersom kulturdepartementet – Frp og Høgre - vedtek denne ordninga, vil dokke rasere korpsnorge og 17. mai. OG alle andre arrangement som skulekorps og generasjonskorps bidreg med i ei bygd – juleforestillinger, adventskonsert, musikk-kafe, speling på aldersinstitusjoner og lignende.

I Vestnes er det 4 generasjonskorps og 2 skulekorps som samarbeider om å spre og halde vedlike korpsmusikken i kommunen.

Tresfjord Janitsjar sitt styre og sine medlemmer meiner at i det minste må overgangsordninga forlengast ut 2020, alternativt ei form for nedtrapping. Å miste 47% av inntekta frå det eine året til det andre vil skake korpsnorge i grunnvollen.

Tresfjord 31.8.2016

TRESFJORD JANITSJAR

Janne Kile Kjersheim

leiar